

MARE



Lisa Charlotte Baudouin Lie

MARE

*Til nynorsk ved Gunnhild Øyehaug
og Inger Johanne Sæterbakk*

FORLAGET OKTOBER 2022

LISA C.B. LIE: *Mare*

© Forlaget Oktober AS, Oslo 2022

BOKOMSLAG: Maja Nilsen

SETT MED: Mercury 10,6/14

av Johanne Hjorthol

PAPIR: 80 g Munken Print Cream 1,8

TRYKK OG INNBINDING: ScandBook AB, 2022

Første opplag, 2022

ISBN 978-82-495-2403-7

www.oktober.no

Sitatet på side 45 er frå Aune Sand: *Jordbærmus* (2015),
lett omarbeidd og omsett til nynorsk.

AV LISA C.B. LIE

Forbausende få katastrofer. Dikt, 2000

Armløs slår tilbake. Roman, 2005

SONS OF LIBERTYS udistanserte *Hongi hjerter og hjerner spiddet*
av enhjørningens anti-transcendentale regnbågs hallojs rosa
horluff med en twist (med Stina Kajaso). Scenetekster, 2009

Forord

av Karen Frøslund Nystøyl

Då eg las MARE første gongen, var det som å lesa eit heilt teatermaskineri. Gule markerte område, spørsmål undervegs i teksten, scenemerknader – det var herleg, kaotisk myldrande. Eg sat i juryen for Ibsenprisen den gongen, og korleis skulle me lesa dette? Eg minnest me diskuterte det, det var gøy.

Når eg no les MARE i bokform, er manuset så reint, så kvitt og stilt. Men under myldrar og dundrar det framleis, kravlar og kryp. Og allereie frå starten syng scenografien. Det må ein vita, dette manuset er berre ein liten del av MARE. For det som er teateret, ligg òg i alt det andre: rytmar som oppstår, tonen i stemmene, rørslene, luktene, fargane i lyset, knitringa i stoff som kvervlar – i alt som kan sansast. Scenografien – som syng og sidan sprekk – er eitt av dei berande elementa i framsyninga. I lag med mariachiorkesteret, bjørnepupp og boomwhackarane sine særeigne klanger. Ein kan ikkje skriva dei, ikkje alt.

Ordet «mare» minner om mor og om hav. Men det finst òg eit lite, vondt vesen frå folketrua som ber det namnet. Mara er ein kvinneleg kvelardemon. Ho set seg på menneskebrystet og rir det, slik kallar ho fram vonde draumar. Eit ritt frå ei mare lar det sprenga på i brystet, og det er, på desse kvite, blanke sidene, som ein kjenner

det gynga når ein les. Det reine og stille får nett dette uthaldelege fram. Det luktar botnlaus sjø, det luktar lengt, det skrik ein stad mellom medvitet og røynda. Det er som om det fælslege er forsterka av det kvite, blanke.

Lisa Lie vann Ibsenprisen for denne teksten. Me i juryen las han som eit subtilt og intelligent flettverk av referansar henta frå fortid, notid og framtid. Me brukte ord som musikalitet, originalitet, varme. Me såg teksten som ei avleiing av Evripides' *Medea*, skriven nokre hundreår før vår tidsrekning, samstundes som den mytologiske forståinga av Medea blir vrengd, vridd og snudd for oss som les. Forståinga vår av denne mora som gjer det som ikkje kan, ikkje skal gjerast, vert gitt perspektiv frå vår eiga tid. Det røskar i vår eiga forståing, ein kan ikkje avfeia myten der han glefsar mot deg.

MARE er ein tekst som ligg og vakar i eit spenn mellom den klassiske tragedien og livet vårt nett no. Linjene er lange: Det mytiske vert knytt til notida gjennom dette flettverket av referansar, gamle som nye. MARE grip deg i handa og trekker deg med inn i eit landskap, på ei vill og underleg ferd, og du veit ikkje kor du skal, før du endar opp i deg sjølv og ser: Her er endestasjonen. Eg kjem ikkje lenger.

Men då har du og verket boomwhacka og panfløyte-spela dykk så langt inn, så tett på medeaa i deg, at du ikkje lenger veit om du finst før vår tidsrekning eller no. Det oppstår ny meining i møtet med Medea gjennom fruktbarheitsfestivalar, teater, teaterkritikarar(!) og undergang.

Tidleg i teksten seier Medea:

Eg speglar deg.

Mørket i deg.

Og nett der, ved endestasjonen i deg sjølv, kva skal du gjera? Når du veit, ein stad, at dette kunne vore deg. Kan hende må du berre kasta deg ut i den mara. For viss ikkje – ja, då rir ho deg.

MARE handlar om at noko vert ein ikkje kvitt. Og det får meg til å tenka på noko Lisa Lie skreiv tjue år før MARE, nokre linjer frå den første diktsamlinga hennar. Det er ei strofe som kan få summera opp angsten og lengten Medea er så breiddfull av, avtrykket som aldri forsvinn:

Hver gang jeg ser meg i speilet
ser jeg de gjennomsiktige
hendene dine stryke
meg over leppene
kinnet, håret



MARE av Lisa Lie

Det Norske Teatret (2019)

Idé, instruksjon, tekst

Lisa Lie

Utøvande og kreative skodespelarar

Renate Reinsve, Madalena Sousa Helly-Hansen, Oddgeir Thune, Christian Ruud Kallum, Kjersti Aas Stenby

Scenograf og kostymedesignar

Maja Nilsen

Komponist og lyddesignar

Magnus Børmark

Lysdesignar

Kerstin Weimers

Dramaturg

Ingrid Weme Nilsen

Omsetting

Gunnhild Øyehaug og Inger Johanne Sæterbakk

Foto

Tale Hendnes

Det sceniske verket som dette manuset er eit spor av, blei skapt i lag med dei kunstnarleg medverkande og ensemblet i spenningsfeltet mellom ei lys handling og ein mørk tekst. Det starta i einsemd som auteurens dialog med dei idear, impulsar og retningar som er verkets underliggande vilje, eit arnested for tekstane og det språklege i alle plan av det sceniske verket, og blei i neste fase utvida, saman med scenograf og bildekunstnar og mangeårig samarbeidspartnar Maja Nilsen, til ei heilskapleg visuell verd. I den siste fasen utvida og kroppsleggjorde skodespelarane og dei øvrige kunstnarisk medverkande denne verda som no var i emning, med innfall, nykker, humor, timing og tilbøyelegheiter.

Karakterane i historia glir gjennom skodespelarane lik ånder i hus. Dei sluttar aldri å vere nokon eller noko dei har vore, det blir berre endra, vridd og lagt til.

Start

(Scenografien syng. Brønnen er open og ryk, den står på sida av scena. Innbyggerane i Korint, K, O og M, ligg spreidde rundt som om dei er slegne ut frå midten av ein komet, som har landa på hovudet til O. Dei har langt fargerikt hår og lange fargerike kjolar; O har raudt hår og gul kjole, K har raudt hår og lilla kjole, og M har gult hår og raud kjole. Medea (R, i bjørnekappe og bjørnefarga brytedrakt og langt solgult hår) speglar seg i vatnet.)

Medeamonolog: vampyrisme

R: Undergangen var nær, og gudane samla seg på isflak i hagen som snart skulle lette. Eg lar isflaka lette utan meg. Eg kunne kanskje ha hoppa opp og gripe kanten av eitt av dei, prøvd å trekke meg med opp i oppstiginga til noko anna, men eg gjorde det ikkje.

Eg ville ikkje forlate dei, og eg var nysgjerrig.
Eg visste ikkje kva som ville komme.

Kva undergangen hadde å by på. Kva han ville trylle fram frå dei store glitrande poseermane sine, som den største magikaren av alle, byr på slutten utan først å bedøve deg ... kjem for å danse på dei pulveriserte restane av gravene alt gått tilbake til stjernestøv som for å seie du burde ha

dansa meir då du hadde sjansen, og ja, meininga med livet var å underhalde deg sjølv og alle andre på denne vesle planeten så han blei leveleg.

Eg ventar på forandringa og fortrenger den aktivt. Eg har hetetokter hjarteflimmer og personlegdomsforstyrningar og ringar som breier seg på huden, flaggermus flyg rett inn i håret mitt og set seg fast, hundane er redde for meg og katten gneg på knokane mine når eg søv. Katten som kjem når den brende handa di kviler. Nedkjølt på kanten av ei bøtte isvatn og gneg forsøksvis for å sjå om det er nokon reaksjon. Ventar sjarmert og tolmodig på at du skal kunne etast.

Verkar eg allereie så død?
Bitemerka på halsen er store og lillaraude.
Du bleiknar i spegelen, Medea.

Eg spydde fire gonger i natt. Berre blodige klumpar magesyre kom ut av meg. Det er ingenting igjen, eg er innhol, stiller ikkje andre krav til meg sjølv enn å stå opp (*reiser seg*) og slepe meg gjennom dagen til han tar slutt, smile innimellom. (*Smiler. Tar inn rommet.*)

(Mot lys som fell inn ei av dei høge døropringane.)

Eg har sprunge frå den såkalla guddommen heile mitt liv og eg har ikkje tenkt å la hen ta meg igjen no. Berre fordi det blir kveld og fargane blør ut.

Når alle auga er lukka, då kjem eg.
(Til publikum.) Vi er ikkje barbarar!

Eg ville søkke meg ned i mørket slik at de aldri ville måtte gjere det, men det var iskaldt mot huda og klamt og kleimande klaustrofobisk som haustvatn om natta med skjær av moreld som kvervlande bilde av unemnelege ting. Alt det vi gjer mot dei forsvarslause. Utan at vi klarer å sjå at det skjer. Under gatene våre. Inne i husa. Dei sakna barna. Dei som forsvinn. Dei som ikkje har nokon til å forsvare seg. Svikta av dei som påstår å forsvare dei. Og der har du meg.

Eg speglar deg.
Mørket i deg.

Alle tankar vi er i stand til å tenke, som ein ustanselig kloakk, ein understraum av forjævligheiter gjennom liva våre. Du klarer ikkje skjøne det kan vere sant i meir enn toppen tre minutt, så blir det uuthaldeleg, og det blir omgjort av sinnet ditt, slik at det blir eit bilde du kan runke til, og slutte å ta innover deg at dette faktisk skjer. At fiksjonen aldri kan bli overgått av verda.

At ho er så mørk. Så trist, så grå, så hjelpelaus, så tårevåt, så heilt forjævlig lite verd å ta vare på, for om dette er sant, og det er det, om dette skjer, då står ikkje verda til påske. Då har ho allereie gått under.

(Til publikum.)

Sadistiske smålege nytingssjuke uempatiske jævlar.
Som skulle bli stilte opp og skotne av innsikt.
Det ville ha knekt oss. Alle som ein.
Eg får aldri tilbake uskulda.

(Krabbegår sakte mot kometen.)

Fantasien elsker mørket som mygg elsker blodet.
Det var ikkje eg som drap barna. Eg tar berre konsekvensane av andres ugjerningar.

Dei skal sleppe
Å bli sånn
Å tenke på dette
Å minnast
Å hugse overgrepa
Å overleve mot alle odds

Eg hatar meg sjølv for det. *(Til publikum.)* Men det er den satans ugjennomsiktige sivilisasjonen din, Jason, som held deg tilbake frå å innsjå at mørket går djupare enn blodet.

Kva får eit menneske til å hoppe frå balkongen og ta med seg barna sine *(liten tenkepause)* anna enn at mørket har tatt på dei, trengt seg inn i dei og øydelagt dei så dei aldri vil kunne reise seg igjen? Eg ville søkke meg ned i det mørket.

(Som bjørn. Kryp rundt på kne, til dei andre, peikar ut organa ho nemner på dei som ligger spreidde på golvet.)

Kor i mennesket byrjar monsteret å vekse? Kor i kroppen? Bak indre organ? Ved høgre nyre? Korleis blir kroppen tatt over? Kor er kimen? Det er når monsteret passsar deg, som ei trong elastisk drakt, det skjer.

(Til publikum.) År seinare oppdagar eg at det er noko feil med smilet mitt. *(Smiler. Held smilet.)*

(Kryp mot publikum.)

Kanskje var det ikkje eingong eg som drap barna. Kanskje dei forsvann. Under byen. Under slottet. På dei ville groteske festane med menneskekjøtt og fornedring.

(Reiser seg.)

Så la oss underhalde, så nokon får noko tilbake.

(Når R nærmar seg kometen, reagerer den med å skurre i relasjon til avstanden mellom dei; jo nærare ho kjem, dess høgare skurrar den. R kjem til slutt heilt innpå den og tar sjansen på å gripe om den, den roar seg fort litt ned. Ved å stryke på kometen peilar ho seg fram gjennom den kvite støyen til ho får inn Radio Korint, der to radiovertar kjepphøgt gir rapport frå den årlege tempelfesten.)

(RADIO)

O: Her står eg med folket i Korint. Klokka to på natta ved foten av fjellet, etter timevis med høg, heksete musikk og dagdriking var det på tide, ja, då er det snart duka for tempelfest for dei døde barna igjen, då.

C: I år igjen.

O: Ja, du har ikkje tenkt å vere med, høyrer eg?

C: Nei, eg har ikkje dårleg samvit.

(K, O og M dansar over scena med ryggen til. Dørene blir ståande opne etter dei.)

C: Det var rett å ta livet av barna til Medea, etter det ho gjorde mot Korint.

O: Eg er einig i at det var rett, men det kjendest jo i si tid som om ein kunne halde eit minimum av dekor og bygge eit monument over dei, dei var jo trass alt uskuldige.

C: Barbarar uansett, som mor si.

O: Halvt barbarar, men likevel uskuldige. Eit tempel og ein årleg fest som vart etablert her i Korint så vi slepp ha dårleg samvit, og så kan vi jo ta oss ein øl på veg heim etterpå, og kva seier vel unnskyld meir enn ein festival til di ære?

Det kan godt hende det blir stygt, trøyttsamt ... krevjande, kan det hende det blir, men viktig.

C: Du har for mykje empati. Du får ikkje gjort nokon ting. Eg har ein veikskap, eg bryr meg ikkje om barna.

O: Du er ikkje med på den festen kvart år? Du har ikkje dårleg samvit for det?

C: Det har eg ikkje, eg bryr meg ikkje om barna. Dei fekk som fortent, dei lausungane til Jason.

(RADIO SLUTT)

R (slår ut med armane): Då erklærer eg festivalen for djup sorg for opna.

(R ut.)

Komet i brønn

(Landsbybuarane ligg framleis utslegne på scena. O vaknar, prøver å få kometen av hovudet. K og M vaknar. M og K ser at O er fanga under ein komet, dei ler ein kort hekselatter og hjelper O med kometen, løftar den av. Dei legg den kaklande i heksegryta, dvs. i brønnen. Lys går litt ut og kometen byrjar å visast. «Kor er barna», blir det kviskra i vinden. Det ryk og syd, lyd av uvêr og uro.)

Pan 1 & 2

(C som Pan med fløyta si, med langt raudt hår og oransje kjole, stikk inn hovudet.)

C: Er det ... har det byrja?

(Heksene læst som dei er normale, dei prøver å skjule kometen i brønnen som syd bak ryggen deira, den roar seg litt. Men det går sakte.)

K: Det er ikkje alltid ein treng å vite om det har byrja eller ikkje.

C: Det er berre greitt å vite når det byrjar.

K: Ein må ikkje.

(C går igjen. Lyden av brønnen blir kryssa over i fløyte-lydane. Dei lyttar.)

O (til M): Var det Pan? Wow. Såg de fløyta? Han er teaterkritikar. Eg har høyrte at han gjer alle skodespelarar som ikkje ligg med han om til sånne fløyter.

M: Eg blir heilt sett ut.

K: Eg får noia, liksom.

M: Mistar heilt, mistar heilt kontrollen når han er i nærleiken, får lyst til å rive av meg skinnen og berre ...

O (*med stigande innsikt*):

Viss du ikkje ligg med han, så blir du til ei fløyte.

Men viss du ligg med han?

(...) Vi skal ikkje berre sette opp eit stykke no då, så kjem han tilbake igjen?

M: Jau.

K: Ja!

O: Kva har de lyst til å sette opp?

(*Dei ordnar, ivrige og travle.*)

M: Tisifone.

O: Tisifone.

M: Blir kasta ut.

O: Blir kasta ut.

(*O spring ut for å ordne med kostyme. M og K løper inn og ut for å hente ting. Dei flyttar brønnen, ordnar boomwhackers og stolar. Dei set ærbødig ut sittestubbe til kritikaren også.*)

K (*peikar mot M*): Då er du Tisifone, då?

M: Så klart.

O (*frå bakscena*): Eg kan spele mora!

M: Du er Glauke, du då?

K: Ja.

(O inn igjen med pynt til alle.)

O: Mora ... ee ... har ikkje ho litt sånn ...?

(C inn.)

C: Er det her det skal vere ... ee ... show?

M: Ja.

(Dei blir imponerte av at planen funka. Ærefrykt. Pan kom!?)

C: Ja?

(M kjem til seg sjølv. Hiv seg rundt og viser han til stolen. K berre startar stykket med ein høg hekselatter og rytmisk boomwhacking.)

K: Mamma!

M: Mamma!

(O henger seg på.)

C: Dei har byrja, ja.
Kor skal, eller, å ja, okei.

(Får boomwhackers av M og freistar spele i veg med dei andre, som òg har hengt seg på.)

Dei har byrja. Unnskyld.

O (*teatralisk kveseropande mot C*):

Du er så pen!

Du burde dra til helvete vekk herifrå!

(*Kviskrar.*) Du er så pen ... Dra til helvete vekk herifrå.

K: Mamma? Mamma?

Kan eg og Tisifone få lov til å dra til skogen saman og plukke konglar og lage kongledyr?

(*O byrjar boomwhacke på nytt. Stemningsfylt innspelt synt liggj under boomwhackingstykket deira. No gjeld det.*)

M (*protagonist*): Glauke er albino og har mariachi-band. Gjer ikkje anna enn å sitte på ei trone og ete frukt heile dagen, det var kjekkare før, ho har ein bror, Hypotes, men han er berre ute og trenar til å bli soldat. Tidlegare var det to barn til i søskenflokket som Kreon tok til seg frå ein kamerat, Amfylokus og Tisifone. Men då dei blei større blei Tisifone ekstremt vakker og i frykt for at ho skulle skygge over alle blei ho send vekk, og etter det blei det keisamt.

(*Berre innspelt synt.*)

KORET: Mora er så keisam at ein ikkje legg merke til henne. Alle sender skåler forbi mora under middagane, og snakkar om henne som om ho er død. Du har blitt pen, seier ho og klår seg fram over bordet. Tisifone, du stiller oss i eit dårleg lys som ufullstendige menneske. Stikk herifrå. Faen, så pen du er. Du bør komme deg vekk.

M: Mora bommar og sender Tisifone bort for at dottera Glauke skal bløme utan konkurranse.

O: Du er så pen.
Berre dra til helvete vekk herifrå.

M: Å, ja. (*Reiser seg.*) Ok, greitt, då er det eg som må gå og bli seld som slave. Til ein person eg ikkje eingong kjenner. (*Går demonstrativt ut.*)

K (*ironisk*): Å, bu-hu.
Så kjem far til Glauke, kong Kreon, og seier ho skal gifte seg med mannen til Medea.

(*O reagerer med ooo.*)

K: No skjer det noko.

(*O reiser seg. Tar med seg C, litt motvillig. Synt brått av. C og O ut ulike sidedører og hentar mariachibandgreier. Dei kjem inn saman med M og byrjar spele under Ks monolog. O hjelper C, som er ny i bandet.*)

K (*protagonist, med flørteauge*): Men på den andre sida, provoserande. Ambivalensen held fram. Når Jason kjem, er han jo saman med to barn. Eit dårleg teikn, openbert ein brukt mann Kreon har bestemt at ho skal bli gift med. På den andre sida, det kan bli gøy. Skal ho svelgje stoltheita og gå med på dette, og kanskje blir livet kjekkare, eller skal ho sette hardt mot hardt og tenke: Ærleg talt, eg er prinsesse. Kan ikkje berre bestemme at eg skal gifte meg. Eller overta barna. Keisemda sit i veggene. Derfor må Jason inn og lage god stemning på familjemiddagar framover. Han har vore ute og opplevd ting. Han har vore i ørkenen, og der var det heilt tomt.

(Mariachibandet tar over, K spring fram, stiller seg opp og røyker. Mariachibandet speler, C, O og M. C veldig konsentrert. Dei er vende mot kvarandre som på ein prøve. O ser sitt snitt til å flørte med C.)

Glaukes monolog

K (som Glauke, under songen): Argh, eg er så dritlei av dei stebarna! Dei er'kje mine barn eingong! Dritbarn! Faen, dei er så stygge. *(Røyker.)* Argh. Eg hatar dei jævla barna!

(M byrjar å synge. Høg musikk. Ein stad under dette avsnittet blir det låg musikk, men K ropar framleis. Her er ho frontfigur i mariachibandet.)

K: Midt på natta. I ulvetimen kjem dei krypande. Med trøytt vridde rørsler. Irriterande stebarn som ikkje lar meg sove. Som eit tjukt teppe av feit vatt som klistrar seg til Jason. Og puffar meg mot kanten av senga og eg må tvihalde på dyna medan den blir trekt av meg. Dei tar alt. Med godt humør og godt samvit, dei små midtpunkta. I galaksen. Eg er eit mykje mørkare univers enn dei kan førestille seg. Dei anar det vel. Den største skrekken til barn er at ting ikkje er som dei ser ut, at dei vaksne er nokon andre bak dei vennlege maskene. Dei har god intuisjon og bruker masse krefter på å fortrenge det openlyse.

Barn har inga forståing av dei djupner som er skjulte i menneskesinna rundt dei, kva slags kjellarrom dei har, og kva slags våpen, lengslar, lidingar og urovekkande demonar som jaktar dei ned, tygg på armane deira om

natta medan barna søker trøyst hos dei som dei trur er stabile berre fordi dei er vaksne, spankulerer rundt i verda som om dei visste kva dei gjer eller kor dei skal. Det er forbanna løgn og slaveri, alt saman.

Når dei klatrar opp i senga og klamrar seg til oss, dyttar snyteskafta rundt i fjeset mitt og trur dei er søte, då blir eg redd for meg sjølv, for kva eg skulle komme til å seie eller gjere i ærlegdommens namn. Aargh!

(Snakkar normalt høgt.) Inne i leilegheita søv dei, trygge og mette. Dei tre små grisane. Oftare og oftare får eg, ridd av marer, alle desse uønskte barna, som kull på kull av kattungar, og alt eg vil er å slå dei i hel. Utan å bli tatt for det.

Dritbarn! *(Ropar.)* Hysj!

Eg har alltid trudd eg var eit godt menneske. Heilt til eg fekk barn. Og eg elska dei verkeleg, eg elska alle, men forheksinga gjekk over, dei blei berre menneske som budde i huset mitt.

... Gud, det er jo ikkje særleg mykje eufori i livet mitt. Sånn generelt. Faen. Var ikkje verdt det. Slutt å spele!

Er dette ein stad for barn? Denne sinnstilstanden.

(Profeti.) Blodet skal flyte i strie straumar. I det enorme svarte treet teiknar det skarpe lyset harde skuggar, herjar ansiktet som svoltne ulvar frå fjella kryp inn i Paris for å ete lika etter borgarkrigen. Høggravid som ein tevarmar riv ho hovudet av svarte kaklande. Blodet flyt seigt frå fuglar nedover ledda og inn i trestammen. Trekker inn

i borken og haustmørket, som kvervlar dei tørre blada rundt i spiralar, knitrande skyt raudlilla blomar ut frå greiner drypande av vridde innsider og ein lyd av skingrande bjøller, skrikande vekkarklokker, flådde barn, sirener, og eg vaknar.

Er det eg eller dagane som ikkje strekk til?
Dei er framande for meg. Eg har ikkje eingong dårleg samvit.

*(C prøver seg med bjøllefot og så litt rytmefisk, men gir opp.
Berre M speler vidare.)*

Eg vil ikkje at nokon skal sove i senga mi, eg, sa den tredje vesle bjørnen.

Eg kjenner meg utrygg.

Eg vil ikkje at nokon skal ete av gaffelen min.

Noko kan bli øydelagt.

Kva gjer eg då?

(C speler rytmefisk åleine. K snur seg med ryggen til, røyker.)

M (*til K*): Mamma. Vi syng til deg fordi det er bursda'n din.

(K ser rundt seg.)

M: Mamma. Vi syng til deg fordi det er bursda'n din!

K: Ååååh, eg har lyst på margarita!

(M går pliktskuldig for å lage.)

Tisifone del 2

(Under den følgende delen lukkar R alle dørene diskre frå venstre nedst til høgre nedst eller omvendt.)

C: Er stykket ferdig?

M (*på veg ut*): Ja, del ein er ferdig.

C: Litt mat og drikke og sånn, då, eller?

K: Ja! (*Spring ut for å hente.*)

O: Ja, eg trur det. (*Ned i krukka.*) Hallo? Er det nokon oppi her?

(O flyttar seg nærmare C medan K hentar mat. K kjem inn med fire koppar og fyrstekake som dei sender opp til C. Dei fyller på frå brønnen i glaset. Ingen drikk.)

O (*hevar glaset til skål*): Regn og forplanting!

M, K og C: Regn og forplanting!

(O vrikkar kokett og spent med hovudet mot C.)

O: Du blei litt positivt innstilt?

C: Eg ... eh ... utdjupar ikkje meiningar om teater i pausen mellom to akter.

O: Nei?

C: Nei.

O (*spent, stille med hovudet*): Kanskje det kan hjelpe viss eg ligg med deg?

C: Ja, det kan jo ... (*Avbryt seg sjølv.*)

K: Er det sånn at du kan ta to på ein gong, eller blir det f-forvirrande ...?

O: Eller tre?

C: Nei, no ...

Må eg ...

Eg skal sjå ei anna framsyning ...

O (*drar på endå meir*): Du har ikkje sett del to enno!
(*Byrjar på del to med stor kraft.*) Glauke tar fyr og kastar seg i ei fontene!

K og M (*skrik dramatisk og lenge*): Neeeeeeeeeeei!

(*Boomwhacking fortset. M og Ks koring på ooo startar.*)

O (*protagonist*): Ho tar på seg gåva og flammar opp i Medusas brudekjole eller prestekjole frå Kolkhis i dagens Georgia. Når gåvene kjem frå Medea er det lett å bli dåra. Av vakre ting. Ho kan ikkje førestille seg andre sine motiv, at dei har motiv, for det er alltid nokon som har gitt henne mat og reidd opp senga og ho har aldri spurt seg sjølv kvifor dei stappar lakena så langt inn under madrassen at det er umogleg å røre seg når ein søv, det er som å sove i ein konvolutt. I denne brønnen prøver ho å slukke seg

– og faren, Kreon, kongen i Korint, og kanskje Jason, den blivande ektemaken hennar, kastar seg på bålet som skrikande enker så dei brenn og druknar begge to eller alle tre.

(M og K skrik igjen. Grunntone til dansen bygger seg opp.)

C: Nei.

Men eg må vidare.

ALLE (*syng og fangar C i dans*):

Regn, regn og forplanting,
regn, regn og forplanting,
regn, regn og forplanting,
regn og forplantning!

Dansen

(O, K og M fotfølger C på rekke, og så blir det handdancing fram til O er i rett ende og C er sist. Dei slangar seg fram og tilbake over scena, inn og ut ulike dører av ulik storleik og med felles variasjon i dansestega. C slår på eit tidspunkt hovudet i ein av dei lågaste dørkarmane, men følget dansar villig vidare med hopp og sprett. Det er fruktbarheitsfestivalstemning.)

Medea krasjar festen

(R som dukkar opp i dørøpninga stoppar dansen med sitt nærvære. Dei oppdagar henne. Ho har den overdådige blomehatten på. Ho helsar «regn og forplantning». Dei svarer med same frasa.)

R: Kva er det som skjer her?
Er det fest her? Er det festival?
Okei?
Ja, men så jævlig hyggeleg, då
At eg ikkje har blitt ...

(*Musikk ned.*)

Er det her det er fest? Eg må seie det er litt rart at eg ikkje har fått invitasjon, om ein tenker på at eg kjenner så mange av dykk. (*Ser etter den som kan tenkast å vere Glauke.*)

Kven er det vi feirar? Kva er det som er så veldig viktig sånn her midt på natta? Er det du som er festens midtpunkt, kanskje? (*Skjønar på Cs reaksjon at Glauke er K.*)

Dette hadde eg ikkje venta av deg, Jason, eg hadde venta det av nokon andre (*antydar dei andre*), men ikkje av deg, eg veit ikkje kva eg hadde venta. Ikkje dette.

Har du prøvd å ringe meg? Eg trur kanskje innboksen min er full, for eg fekk ikkje invitasjonen – eg måtte høyre det via nokon andre. Eg reknar med at du har gløymt at du har invitert meg, du har sikkert sagt det, eg gløymer fort, men på den andre sida hugsar eg verkeleg ikkje at du har gjort det, og no kan eg velje å legge godviljen til, eller rett og slett la vere.

K: Vi gløymde å seie frå til deg, vi gløymde å seie frå til deg, Medea.
Herregud. (*Overdrive til O.*) Skulle ikkje du sende mail?

O: Jau, eh, (*til R*) har du ikkje fått mailen?
Har du, har du fått mailen?

K: Ja.
Det var rart at du ikkje fekk den mailen.

C: Ja det var rart.
Hæ?

(K, O og M ser ned, men følger veldig med når dei trur R ikkje ser dei.)

R: Nei ...
Ved nærare ettertanke lar eg vere, sjølv om det er eit kompliment å bli dolka i ryggen. Det betyr at du ser oss som likeverdige, at eg trugar æra di, at eg kan skitne deg til. Men når det er sagt, ønsker eg deg ikkje lenger eit langt og lykkeleg liv.

(C snik seg mot næraste utgang.)

Faktisk ønsker eg av heile mitt hjarte at du får kreft i tatoveringane dine, din jævla svikefulle horesatan.

(Snurrar C rundt frå avstand med magisk grep og kastar han i veggen. Fikserer han der med eine handa. Handa søkk etter kvart skuffa ned, C søkk ned med ho.)

For eg er tydelegvis ikkje ein gjest i verda på din livsens strandfest og eg er all dressed up and nowhere to go, og som vanleg er livet ein serie festar der eg ikkje kjenner nokon og eg mugnar på baksida av augelokka. (*Til C.*)
Mjuk grøn pels mot auga.

(*Til dei andre.*) Og no er eg kald. Gjennomfrosen av å stå utanfor vindaugget og stire inn på denne festen med store, tårevåte bambusauge som veks opp gjennom sprinkelsenga du er tjora fast i og rullar i medynk med deg sjølv. Eg er ein gjest, men nowhere to go. FAEN TA DYKK, JULEBUKKAR! SMØRBUKKAR! HOREBUKKAR!

(*Fjernslenger C i bakken.*)

Kva ønsker du deg til julebursdagen din, då?

(*Fjernsnurrar C rundt på golvet.*)

Snille barn

Ære og ry

Respekt

Kjærleik

Kapitalen i det 21. århundre av Thomas Piketty

Det får du ikkje ... for det er du ikkje verd

Same kor mykje hårfargereklamen prøver å innbille deg det

(*Tar K i handa etter å ha tulla helsehanda vekk eit par gonger for å jøvlast med K.*)

Eg trong ikkje trykke mora til ditt framtidige barn i handa, verkeleg ikkje.

(*Stør seg på kometen.*)

Oi, vent litt. No kjem det ei openberring her, som lyn frå klår himmel. (*Til publikum.*) Og dette gjeld dykk alle.

(Som orakel.) Faen, eg skal halde på med eggdonasjon og spreie meg sjølv.

(Fjernløftar C opp på alle fire, set seg på «heste»ryggen hans.)

Rett skal vere rett. Eg skal ikkje sitte her og vere usikker på om eg er bra nok for deg, når eg kan få kven som helst, som mormora mi sa til meg då eg ringde henne i draumen.

(Ristar i skuldrene til C, skrik til han.)

Kva er det du ikkje ser at eg er? Fantastisk. Fanatisk. (Gir C kokos.) Eg ønsker deg eit langt og ulykkeleg liv. At du druknar i sjuk fitte som du tilber så jævlig at du ikkje kan velje ei.

(Legg C i bakken, fjernfikserer han der med ei hand. Ho vender seg mot dei andre – dei drar raskt blikket til seg – medan ho går rundt brønnen og set seg på kne.)

Ja, no er du saman med meg ei lita stund, og når du er saman med meg, spør du om eg er di. Då seier du at du er mi. Du vil eg skal seie at du er pikken min, men om eg seier du er pikken min, så seier du berre at det for augeblikket er ok.

(Med «kom då»-hand, hentar publikumet sitt: K, O, M.)

Aldri lenger enn augeblikket. Du gir meg ingenting å håpe på.

(Fjerndrukner C ved å putte handa ned i brønnvatnet. Opp med handa når C verkeleg ikkje får puste.)

Det byrjar å tære på ramma til sjølvbildet på den mugne nymåla veggen. Du gir meg ingenting anna enn kjønns-sjukdommar og uroleg søvn.

Eg meiner, eg blei opphissa då eg hørde om han fyren som trenar opp hunden til å valda barna, eg meiner det var ein god idé. Eg blei opphissa då eg hørde om sex-slaven som blei bunden fast til eit tre på gardsplassen og valdtatt i døgervis. Det må vere noko frykteleg feil med meg. Rissa inn i kroppen av kulturen eg høyrer til. Eg har vanskar med å sjå for meg kyss og eit kjærleg forhold i dei seksuelle fantasiane mine, fordi eg ikkje trur eg fortener det, eller eg blir skremd vitlaus av kjensle for det er farleg. Med ein gong det entrar deg, kan du ikkje lenger dytte det vekk og det kjem til å øydelegge deg eller løfte deg opp og over. Kjærleik er ein fantasi eg ikkje har råd til.

(K, O, M er veldig nervøst samde i det. R gløymer å halde C nede. C reiser seg og stiller seg ved K. R stiller seg opp framfor dei.)

R (deklamerande som dikt/kanalisering/profeti over poetisk forsterkande musikk som kan vare lenger enn diktet):

Kjære
Eg såg deg i dag
Tilfeldig
Eg såg sykkelen din først og visste du var i nærleiken, du hadde nesten parkert på ein hund
Stakkars

Du såg høg ut
Dama sat ved bordet
Eg stod eit par meter unna så eg visste ikkje om du såg lei
deg ut eller glad
Eg helste på mora til det blivande barnet ditt, tok henne
i handa og ønskte dykk alt godt av heile mitt hjarte, sam-
tidig tenkte eg:
Håpar barnet døyr i magen hennar.

Den her festen kan de få billig av meg, og om nokon
plutseleg har noko å komme med, så som ei velplassert
unnskyldning, så går eg på vertshuset.

(Går baklengs mot høgre hjørne.)

Eg trekker meg tilbake som eit hav med alt mitt, dit lyset
frå bålet ikkje rekk.

*(R pressar seg baklengs ut den minste døra til høgre, som
ein blekksprut med blekksprutlydar, det blir rar stemning.)*

C: Eg skal på ei sånn teaterframsyning ...

*(C forsvinn brydd ut til andre sida. M interessert ut etter.
O og K åleine att. Stemninga er trykkande.)*

O: That's it?

K: That's it.

O: Så viss du nektar å ligge med han, så blir du ei fløyte,
men viss du tilbyr deg sjølv, så ... forsvinn han.

(Dei set seg skuffa ned på stubbane. Tar ein kjeks.)

O: Pan er ein jævla dårleg vits, faktisk.

(Musikk opp, panfløyte. Dei knaskar taust på kjeks.)

Meldingsspel

(Rett før musikken går over i panfløyteversjonen av «Hver gang vi møtes», byrjar K å snakke.)

K: Veit du kva, eg trur kanskje eg skal lage ei sånn forbanning, eg.

O: Ja?

K: På han.

O: Ja, ja, gjer det!

(K byrjar å samle ingrediensar.)

O: Shit. Kva er det du lagar no, då?

K: Nei, no lagar eg ei forbanning som gjer at han aldri kan ha sex med nokon igjen.

(K og O ler heksete. Scenografien byrjar å opne seg. R opnar først ei glipe, så går ho inn då glipa er stor nok, og veggene fortset å opne seg av seg sjølv, den høgre bakveggen først og så den venstre, til dei er heilt ute og avslører gradvis ein lysande Saturn. Pan (C) med svarte målingsstriper i

ansiktet dansar og speler fuglefloyter i eksentrisk bane rundt Saturn. R nærmar seg K og O med målinga frå bakgrunnen. K og O merkar det ikkje.)

O: Oi.

Du, du! Før du held fram ...

Kunne du lage noko som gjer at han aldri kjem til å melde teaterstykket igjen òg?

K: Det her var koppen hans, var det ikkje?

(O ser R, skvett bakover og blir klumsa.)

Måle fjes-forbanning

(R byrjar å måle K i ansiktet. K blir ståande med open munn, R legg ei fjetrande drue i munnen hennar. R målar O i fjeset. Dyttar ei drue i munnen på han òg. Dei blir hypnotiserte og vaggar etter R inn mot Saturn og slenger seg med i dansinga til Pan, men med tregare rørsler i pæreforma krinsar som nokre gonger forsvinn utanfor synsfeltet til publikum. R heksar til seg floyta og set seg ved bakveggen og speler som ein slangetemmar. Alle dansar i opptog og med ulike floyter. O og C med fuglefloyter. K forsvinn ut av bane og blir bjørn.)

Bjørneamming

(Bjørnen kjem inn bakarst frå høgre, stiller seg under planeten.)

K: Eg skal amme nokon. Kven?

(C melder seg. O får fløyta til C. O fortset krinsinga til han kjem forbi bak bjørnen og C, då blir han sjalta ut av bana av Rs manipulerande fløytespel og forsvinn ut. C legg seg over fanget til bjørnen. K rullar ut puppen. C smattar. O tar høgtidleg inn tre kjempelange brød. Dei set seg i positur med amming og brød i véret i silhuettlys bakfrå. Dei smør brød med hendene, smeikande smørjande rørsler langsmed brøda. Alle syng «Fire element» på mmm. M som bjørnunge kjem inn frå høgre front, krypande mot K. O dyttar bjørnungen vekk med brødet på dens veg mot mora. Kvar gong den blir stoppa av brødet, ryggar den litt og prøver igjen ei anna rute. Bjørnungen prøver for fjerde gong å komme seg bak mora for å få mjølk, men O knuffar han ut mot den vesle strandbardøra til venstre med eit brød, medan C ammar vidare, lar seg ikkje merke med det. Då O opnar døra med brødet, strøymer diskolys, røyk og lyd ut frå strandbaren. O dyttar bjørnen inn med to lange brød etter kvarandre, hentar det tredje brødet for å vere på den sikre sida og blir ståande utanfor og lure på om det trengst eit brød til.)

Medeamonolog: drukna barn

R (byrjar ved bakveggen): Det er ikkje det at eg ville dei skulle bli borte for meg.

(O blir plutselig trekt ut døra som tatt av bjørn.)

Sjølv om eg mange gonger, om natta, eller midt i byen på veg over torget med hendene fulle medan barna går ein annan veg, skulle ønske at noko ville frelse meg. Alle har slike tankar.

Eg kunne ikkje drepe dei, men eg lét vere å redde dei. Når dei først var på veg ut i vatnet. Alle dei andre barna svømte, og dei tenkte vel dei skulle flyte, overraskinga var stor då vatnet ikkje heldt dei oppe, og forundringa over verda under opna seg.

(Bjørnungen kjem tuslande ut ei anna dør, O kjem ut litt etter av nok ei ny dør, lokkar bjørnungen til framscena. Utviklar relasjon. Set ut matskålene. Når bjørnen et, set han opp stubbar framfor bjørnen.)

Du blir ikkje borte. Du blir aldri borte.

Eg sveik dei slik du sveik meg, Jason. Automatisk. Søvn-gjengarliknande. Det finst inga framtid for oss. Inga framtid som eg trudde på.

Under havet veit ein ikkje lenger kva som er opp og ned. Ein kan søkke så djupt.

Naturen er ikkje god. Alt naturen vil, er å komme inn under huda di og legge egg i deg.

Eg fløymer inn i livet ditt gjennom opne veneportar og forgiftar brønnane. Ofrar spedbarna og hånar gudane dine, som du kallar lysets gjennomtrengande kraft, den klåre tanken. Som ein gyllen horde slår eg i stykke håpet om framsteget. For eg bryr meg ikkje om lyset ditt. Det blendar deg. De trudde på framsteget, at humanismens vake hadde temt det brutale dyret i jakta på det gode, det skjønne og det sanne.

(Bjørnungen har ete ferdig, og O ryddar skålene medan O er ute. På nytt kryp den vesle bjørnen mot amminga og vil vere med.)

At det har ført dykk forbi dyret. At de er over dyret. Men de er førte bak lyset. Vi her utanfor har ingen slike illusjonar. Eg gjer det som blir kravd av oss for å overleve. Og ting fell på plass fordi dei må. Som natta. Eg held meg vaken og tenker på småbjørnane mine, no berre utskorne bein i oska frå kalde bål frå den tida då menneska tilbad slike teikn frå gudane. Tilbad gudane med slike teikn. Bjørnen er den første gudinna, og havet er den største mora av dei alle. Tar tilbake det livet ho skaper. Like regelmessig og harmonisk som flo og fjøre.

(Bjørnungen og C byrjar å knuffe seg imellom.)

Å vite at alle desse mødrene, desse kvinnene som blei ståande oppreiste, urørlege. Ser dei med barna i armane då gassen byrja å verke. Alle elska dei deg som eg gjer det, alle la dei kinnet mot det mjuke barnehåret og stod ved vegs ende og leita framleis etter ei løysing. Det er ingen utveg. Det er det siste strået som er trekt. Når mamma ikkje kan redde deg lenger. Ho døyr for deg og du døyr i armane hennar. Alle desse ser etter ein utveg som ikkje gir seg til kjenne. Dei stirer i vantru. Inn i eit formlaust ansikt av glatte murvegger.

(Basketak mellom C og bjørnungen. O kjem inn og ser det.)

Vi skulle vere sterke. Vi skulle redde deg. Det er ikkje til å tru at den gudemakta ein har over eit lite menneske sitt liv eller død brått kan bli tatt frå ein.

Og då det ikkje fanst nokon veg ut, rakk eg ikkje å halde deg under vatnet for å skåne deg, og du døydde i armane mine.

(Bjørnemora deljar laus på dei knuffande ungene sine. C kjem seg unna og ser forskrekka at K slår vidare på bjørnungen, som prøver å krype vekk og etter kvart blir liggande stille. O står og ser forskremd på. K stoppar til sist av seg sjølv.)

Flat bjørn

C (*til K*): Kva i helvete?

(O trekker seg unna skrått bakover på scena.)

K: Eg fekk panikk ...
Eg klarte ikkje å ...
Nei. No fekk eg panikk.
No får eg panikk.

C: No får du panikk.
Når du innser kva du har gjort.

K: Ja, no får eg panikk.

C: Sjå kva du har gjort!
Kom her, kom her.
Kom her!
Stå og sjå no, sjå kva du har gjort.
Ta av deg den teite bjørnehatten!

(C dyttar av K bjørnehetta.)

Kom her, kom her og sjå!
Stå og sjå, no, sjå kva du har gjort.
Stå og sjå på det.

(K og C ser på den livlause bjørnungen. O trekker med seg bjørnungen ut. C følger sørgmodig med. K blir blind av skam. Under dette kjem dei alle gradvis til syne med blome- og frukthattar, slør og blomestavar.)

Kan nokon halde barnet mitt?


(K famlar seg fram til kometen. Den lokkar på henne. Byrjar å løfte kometen. Nært augeblikk der K og kometen responderer på kvarandre med lyd. Ho løftar den opp, voggar den. Imens flyttar O og C brønnen bak scena og legg på lokket så det blir eit lite podium.)

K *(lyttar til den tunge kometen ho har i armane)*: Kan nokon halde barnet mitt, ver så snill?

(K spør fleire gonger ut i lufta om nokon kan halde barnet hennar, medan ho stavrar seg fram med det tunge barnet i armane. Til sist får C og O medynk med henne og tar barnet frå K og legg det på podiet.)

Off-ritual

(Då lokket er på, byrjar M, O, R og C høgtidleg å bere inn blomestavar og set dei fast på brønnlokket. Brønnen blir forvandla til ein heilag lund.)



FRONT

(O skrellar bjørnekappa av K, C legg sløret over henne, så stegar dei mot brønnen. K kjem seg sjølv opp til kometen, som er plassert i midten av lunden. Etter den siste runden hentar M lause blomar òg. Dei legg blomar på K, som bøyer seg over kometen. R og C står framfor K og skjuler henne. Etter litt hentar O gongen, og C hentar regnstav. M hentar bjøller og tamburin. Dei stoppar bak lunden i eit musikkensemble.)

(Ypparstepresten, C, strekker armene opp mot himmelen og kanalisierer.)

C (*inderleg*): Eg ber om den første bokstaven
(*Kanaliserer.*) Den første bokstaven er O

(Alle ooo-ar.)

C (*insisterande*): Eg forlanger den andre bokstaven
(*Kanaliserer.*) Den andre bokstaven er F

(Dei ffff-ar.)

C (*litt overraska*): Den tredje bokstaven er også F
Off off off

(Alle offar seg i ringen og ler og grin.)

C: Ditt nye namn er Off!

(Kometen blir heisa opp, dei offar seg og speler intenst, medan K reiser seg med den stigande kometen og strekker seg opp etter den då den blir heisa forbi henne, så snur ho seg som personifiseringa av Off: skammas og fornedringas guddom.)

K (*med tyngde*): Eg er OFF! (ooo) Eg er Off! (oooo) Eg er Off! (*Alle offar.*)

(Off går ned frå plattformen. K skrid mot venstre langs plattformen. Får bjørnekappa av M. R hentar eit brød og ein vinkopp.)

K: Eg tar mine første skritt som Off!

(Stoppar og luktar på eit tre.)

Eg luktar på min først blome som Off!

Eg deler mitt første brød som Off!

(R gir brødet til K. K gir brødet tilbake til R, begge bukkar. R gir det vidare til M, ho bukkar. R hentar den kvite kransen.)

K: Eg drikk mitt første glas med vin som Off

C, R, O: Aiaiaiaiaiaiaia

(K drikk heile skåla, set mugga på plattform. R overrekker den kvite kransen til K.)

C: Den kvite kransen får du fordi vi har så få fargar i norsk natur. Vi har berre kvit. Og grøn ... rosa ... lilla ... gul ... blå. Vi har blå, Off!

(K går opp på plattform og inn i lunden. R held kantane på bjørneskinnet som eit brudeslør og blir sittande på sida av plattform. K blir dandert med brød og vifta med blomekvist.)

C: Då lukkar vi denne forbanninga. Med loff.

Off, skammas og fornedringas gud, har komme for å trykke deg ned i søla, ditt rette element. Og då hen kom tilbake, såg hen skakkskremd at alle mennene var blitt forvandla til svin.

ALLE: Svin!

K: Sei til dei at dei skal stoppe.

C: Stopp.

K: Eg kan berre tilby meg sjølv

Det er ikkje som om du ikkje ville fått det uansett, men slik er det ofte med gåver

Vi må halde saman

Hugs godleiken til framande, stol på godleiken til framande

Stol på stol på stol på

Tru

Alltid

Og trass i alt

At noko elsker deg med ufatteleg styrke, og at nokon eller noko, ein eller annan stad, har ein plan.

Vi er nemleg ingenting å samle på. Ekorn ville aldri finne på å samle oss inn og legge oss i trygge tre om hausten saman med konglar og nøtter.

Etter den lange oppoverbakken med uetelege planter i vegkanten der Satan når som helst kan komme opp av golvteppet og lamme oss med sprudlande apati og mindfulness som hjelper oss å ligge stille så vi kan rævkøyrast lettare av erotiske fantasiar om ein betre stad. Finst det inga frelse og ingenting å håpe på? Om døden er ein enorm jævla skuffelse som livet, om den borga du såg på lang avstand viser seg å vere ein ruin – kva gjer vi då?

Opne auga bak auga og verkeleg sjå det som står framfor oss, eldgammalt og bloddrypande som eit monster.

(Reiser seg.)

Kjære vesle venn, du anar ikkje kva som står framfor deg no. Du må ha vekt opp noko eldgammalt og slumrande i meg, noko som ikkje gir etter.

(K går ned frå plattformen. R kryp inn i lunden. Musikk. K går tur med følget sitt. Dei går tett i prosesjon. K går ut midt på til venstre, alle følger etter med instrumenta. Musikk glir over frå skam til sorg under teksten.)

Aune Sand-hyllest

«Den gamle Citröenen min tøffa inn mellom skogsvegane. Hjula trefte småstein så dei spratt til sides og skremde opp nokre gamle ekorn som stabla nøtter og førebudde seg på ein lang vinter. Det var hasselnøtter, jordnøtter, valnøtter og fleire av slektningane deira. Dei blei stabla så nydeleg i eit holrom i eit gammalt plommetre. Den eine lykta hadde slutta å verke for fleire dagar sidan, men lyset frå den som var igjen, gav eit godt skimmer av heile det teateret som skogens trestammar er. Det blei meg fortalt om ho som budde der inni skogen, lengst der inne, i ei hytte som ingen hadde funne. Der hadde ho gøymt på møydommen sin skjerma av mose. Då eg vakna igjen etter 100 år i einsam vandring, stod ho der som ein silhuett i vindauget på hytta, som låg på ei open slette midt inni skogen ved sida av eit tjern omkransa av eit myrlandskap.

Ho var så vakker at det banka så hardt i lemmen min at eg kjende at om ikkje lemmen min, som no var så hard som marmor, fekk lov å komme inn og bade i saftene hennar, då ville eg bli galen på sekundet. Det var så useieleg herleg å kjenne at heile den fantastiske stoltheita mi

fekk bade i hennar plaskvåte skjelvande indre. Så kom vi saman, så vedunderleg at spruten frå det indre i meg løfta henne opp under taket, sånn bada ho i ei fontene av dei nydelegaste saftene mine. Det kom så mykje at auga hennar blei store som tallerkar, og ho blei dekt over bryst og skuldrer, og når eg skulle tømme det siste frå kammeret mitt, blei ansiktet hennar dyppa i mjølka som hadde lege og venta i epla mine for å gi henne våren og evig liv.»

(Mot slutten av teksten glir musikk over i Hera-tema. Alle bortsett frå R forsvinn ut etter K. Alle kjem samtidig inn igjen og blir ståande i kvar si dørøpning langs venstre side, O må sitje på kne fordi døra hans er så lita.)

Hera-song, Medea-monolog: Heras tempel

(Perkusjon startar.)

R: Åhhh.

Denne songen minner meg om då eg var vill etter far dykkar. Før de var fødde. Eg meiner like før. Og her slo det meg at ... den trolldommen eg brukte ikkje var presis nok. Eg skreiv berre *hare*m. Eg meinte å starte mitt eige, men hamna i hans.

HERA

DU MÅ HJELPE MEG, OSS

EG HELD IKKJE UT DEIRA DØDELEGHEIT

DET ER DET SAME OM EG LEVER ELLER DØYR

BERRE FOR DEIRA SKULD MÅ EG FINNAST SOM
MENNESKE

DÅ SEIER DEI: MEDEA,
DU ER IKKJE EIT MENNESKE

EG KAN TREFFE ALLE MED LYSSTRÅLAR FRÅ AUGA

EG ER SOLAS BARNEBARN OG DEI ER HENS OLDE-
BARN

(R henger seg på etter refrenget og tar av seg hatten. Hera-tema fortset under monologen, dei andre går over i nynning.)

R: På golvet i Heras tempel ligg dei, små uttørka tørre ormar, hendene når eg løftar dei opp. Å løfte den eine armen, så lett, så lett. Og så den tunge kroppen som heisar seg frå golvet nokre centimeter før eg senkar han igjen. Der ligg du. Ikkje lenger menneskeleg eller min.

Det er uuthaldeleg. No kjem alle til å skulde på meg.

(Saturn blir trekt tilbake, samtidig døyr nynninga gradvis ut.)

Eg drar sørgesjalet over hovudet og kastar ei snor mot månen for å fange hen. Eg skal trekke hen ned og mjølke hen, halde hen fast med sitt rette namn, di utpulte svarte sfinksfitte, den utpulte fitta til ein svart sfinks. Ok. Det var ikkje eg som fann på det, ikkje døm meg. I alle fall, hald an hesten, så eg rekk å smørje tjukt på auga, så eg endeleg kan sjå litt betre i det menneskelege mørket. Og så skal eg bruke mjølka til å vekke dei døde med.

(Veggene lukkar seg til ein diamantforma by, brønnen byrjar å ryke og blir flytta mot høgre side av scena. Kometen

byrjar å skurre der den heng. Rommet fyllest med røyk, og brønnen blir dytta fram. C som gamle Glauke kjem inn med blomekrukker. Det blir pynta. Set seg etter kvart på stubben framfor brønnen. K kjem inn med kjeksfatet. Brønnen blir dytta framover mot høgre medan K er på veg bort til R. Gir kjeks til R, som sit på brønnen. Ho blir blind eller blinda av kjeksa ho legg på auga og held dei der. K, O og M leikar grisesura med R, som går ut på at ho slår etter dei andre, som er gryntande smågrisar, i blinde med ein kjepp. Kviskring i vinden: «Kor har du gjort av barna?»)

Alle barn fortener å ha det trygt og godt & den første katterhistoria

(O tar mikrofonkjeppen frå R og set den opp som mikrofon for R, som skal til å forklare seg då M avbryt henne. Tar mikrofonen frå henne.)

M (set opp mikrofonkjeppen medan ho pratar hektisk i den): Orkar ikkje høyre det. Eg orkar ikkje høyre det. Det er så forferdeleg. Heilt forferdeleg.

Nei, men du, fortel ei glad historie.

K: Eg har faktisk eitt godt minne frå, eh, barndommen. Og, eh, og det var då eg fekk ein katt.

M: Åååh.

(Dei prøver å fordrive det dårlege samvitet for dei døde barna ved å fortelje historier. Så lenge dei fortel, er dei ganske trygge for kviskrelydane. O går ut og tar på seg langt grønt hår og bjørnefarga brytedrakt.)

































K: Ja, på åtteårsdagen min.

M: Åh, fortel kva slags katt.

K (*i mik*): Ja, det var ein, ein persar.

M: Åh.

K (*i mik*): Ja, veldig ...

M (*til R*): Åh, det er den finaste katten, hæ?

K (*i mik*): Ja.

M: Ja, dei er jo det, altså, dei er vakre, altså.

R (*til L*): Ja, nydeleg.

M: Stort flatt fjes, eit sånn (*viser ved å dytte hovudet rett ned i ventande handflate*).

(*R ler kort, høfleg. Heh.*)

K (*i mik*): Men ... eh ... naboen køyrde over han ... eh ... dagen etterpå.

Så eg hadde han eigentleg berre i ein dag.

Men den dagen, det var den beste dagen eg nokosinne har hatt, eigentleg.

Fordi den vilkårsause kjærleiken som eit dyr kan gi ...

Det kan ingen andre gi.

R: Kva sa du no?

K: Vilkårslaus kjærleik, det kan ingen andre gi.

M: Ja, det kan ingen andre gi!

R: Ingen andre kan gi den.

M: Ingen andre kan gi den!

K (*i mik*): Ingen andre kan gi den vilkårslause kjærleiken. Og eg fekk det éin dag, og eg tenker at du skal vere fornøgd med éin dag. Så lenge du har hatt éin god dag her i livet, så har du hatt det okei, tenker eg. Det er verdt ... det er verdt å bli fødd for. Og eg kan leve på den eine dagen, eg, eg kan leve på den eine dagen resten av livet. Det går greitt.

(«Kor er barna»-kviskringa kjem tilbake om det oppstår høl i historieforteljinga, så dei stressar vidare.)

C: Eg har òg ei historie om ein katt.

(Som gamle Glauke, skriftar, i mik.) Eg skulle få ein katt. Vi skulle ete han. Eg grein og grein. Det viste seg at han ikkje var død. Han krølla seg saman for å kose, men hadde tydeleg vondt. «Fortel meg kva du har gjort med han», sa mamma. Eg stakk han i hjartet. Eg skar av han huda. Åh, ho sit berre fast ved øyra, ho er laus. Eg stakk han i lungene, og endå ville han ikkje døy. Eg klarte ikkje meir og måtte gå. Han hadde lagt seg på klesplagga mine fordi han likte meg, og eg hadde svike han.

Og så ser eg liksom det at det ligg ein katt i fanget mitt. Og så sit eg sånn. *(Hulkar.)*

(O plingar på gitaren. R, som gradvis blir forvandla til katt, ligg og leikar med banda som pyntar kjeppmikrofonstativet som K held for C. Bit litt i dei.)

C: Og så blir eg heilt, eg får jo, eg blir jo veldig redd, då.
For eg lurar på kva som skjer, då, ikkje sant?

K (*snufsar*): Å herregud.

C: Ja, ja, sånn, ja. Å herregud, seier eg. Å herregud. Kva er det som har skjedd?

Kva er dette? Kva er det som har skjedd?

Og så seier den då (*forferda*) ... Eg er barnet ditt!

(*Tar seg saman.*)

Neeei.

Vi får tenke på dei døde barna. Det får vi gjere.

R (*i mik*): Mjaaaaaaau! Mjau, mjau, mjau, mjau.

(*K held mik for R.*)

Katta si historie

(*O speler i moll.*)

R (*pratsam, i mik*): Mjau, mjau, mjau. Mjau, mjau.

Mjau, mjau, mjau? Mjau. Mjau. Mjaaaaaaau!

(*K og M ler hjarteleg. Banda ristar litt når K ler, og R blir distraherert. R leikar med banda, bit i dei, til K får henne til å slutte. Ho må roleg føre dei vekk. M klappar for å oppmuntre katta om ho treng det.*)

R (*oppmuntra, i mik*): Mjau, mjau, mjau, mjau, mjau, mjau, mjau, mjau, mjau, mjau, mjau, mjau, mjau, mjau, mjau, mjau.

(*M og K ler hjarteleg. Katta fortel litt til.*)

K og M: Ååååå!

(*Katta får tydeleg sjølvtilitt av all merksemda og mjauar i veg.*)

M (*til R*): Det er så fin katt! Han er så flat i fjeset sitt!
Ja, du er så fin!
Ja, fin historie! Veldig fin historie.
Du er veldig flink.

(*Katta byrjar å synge.*)

K: Take it away!

(*R syng, mjauar ein hjarteskjerande song. C tar nokre trekk av ein sigarett. K reagerer på røyken og byrjar å hoste.*)

C: Ja, men for faen, eg kan då for faen ikkje noko for at eg tar meg ein liten sigg! Det får vere greitt. Kan ikkje sitte og vere, og, og vere sånn passivaggressiv!
Då får du velje, så kan du vere passiv eller aggressiv. Ikkje begge delar.

(*K blir liggande livlaus.*)

Det blir for dumt! Får ta eit val!

(Musikken stansar. Mikrofonstativet er gått sund. Katta leikar med bandet. Leikar seg etter kvart bak på scena. O speler gitar, litt «Long Johnson»-kattejamring, inspirert av ein katt som jamrar seg på ein måte som høyrst ut som menneskespråk, mellom anna «Oh Long Johnson».)

C: No er det nokon som speler noko inni helvete her.

(O stoppar musikken.)

Skodespelarfest

R (til C): Åh. Er det mogleg? Er du dum, eller?
Nei, herregud. Er du dum, eller?

C: Er *du* dum?

R: *Eg* er ikkje dum.

Ja, eg veit du har blitt fortalt det masse, men eg er'kje, eg er ikkje dum.

C: Kvifor ikkje det?

R: Nei!

C: Kvifor ikkje?

R (*reiser seg med bandpinnen*): Fordi eg kan tenke! Eg skrur ikkje av musikken midt i ein fest!

C: Kva tenker du på?

R: Kva eg tenker på?! Kva tenker *du* på?
Kva tenker eg på, kva tenker du på?

C: Eg vet ikkje, eg.

R: Eg var ikkje invitert hit, eg. Eg gjekk tilfeldigvis forbi.

C: Oi!

(Reiser seg, tar kjeksfatet.)

R: Her, klokka åtte! Banka på. Ingen hørde!

(C tar nokre steg mot R med utstrekt fat.)

R: Å fy faen, ikkje kom nærmare meg. Ikkje vift den kjeksen mot meg.

Ja, eg har lyst på kjeks, eg får'kje kjeks, for det får berre dei som har fått invitasjon i posten!

(Tar seg ein kjeks.)

C: Kvifor kom du, då?

R: Å, hå, hå! Det spør du om!

(O byrjar spele «Long Johnson» igjen.)

C: Eh ...

R: Det spør du om!
Her har du rrrrævkøyrt eit heilt party!

Her har du rævkøyrte dei til å tvinge dei til å komme, på årets dritfest!

C (*sukkar*): Ååååh.

R: Dritfest, der drit éin (*peikar på O*), drit to (*peikar på K*) og drit tre (*peikar på C*) er blitt inviterte.

Aiaiaiai.

Veit du kva? Eg *hatar* deg! Eg *hatar* deg.

Og eg forbannar alt ved deg. Alt du nokon gong har ete, som du inneheld.

Ja? Ekkelt, ikkje sant? No kjem du alltid til å tenke på det.

K: No held det med, eh, dårleg stemning.

R: Åååå, her har du invitert gladjente nummer to! (*Peikar på M og K.*) Dritjenta, gladjenta!

K: Eg er gladjente.

R: Ja, det kan eg tenke meg.

(*K går fornærma ut.*)

R: Henne har du invitert! Er det, har du, ligg du med henne, eller? Knullar du henne på bakrommet? Som ein pri... liten prins? Å, eg hugsar den pikken din! Pitte liten!

C: Nei, no går du for langt.

R: Det var så vidt du fekk han opp.

(*Går fram, snakkar til publikum.*)

Alle saman! Det skal de høyre! Han har liten pikk!

(O syng «Long Johnson»-kattejamringa høgare for å dekke over.)

R *(snakkar høgare)*: Han har så liten pikk! Å, ja då!
(K inn med langt grønt hår og bjørnefarga brytedrakt, kakkar med stokken i golvet. Ho prøver å få merksemda til alle.)

K *(ropar)*: No byrjar prøvane! Så då er det berre å sette i gang.

(O finn fram blokkfløyte, testar henne. Byrjar å spele og held fram med det. K kakkar med stokken igjen. K tar R i armen og dyttar henne framfor seg.)

R: Ja, no skal eg få vere med på fe... no skal eg få vere med på, eh.

K: Du kan spele ho sure.

R: Eg får lov til å vere med i stykket, ja!

O *(oppstylta)*: Vi speler skodespel!

(Går til plattform.)

C *(til O)*: Smekken din er open.

O: Eg har stillongs.

R *(til C)*: Å, ja! Var det fordi du akkurat var ute på gangen og knulla han, eller? Med den vesle pikken din?

C: Ja, men han funkar ganske bra, det er ingen som har klaga. (*Til K og M.*) Har du klaga? Har du klaga? Du har klaga lite grann, men det ...

R: Eg har fått klagebrev.

C (*til O*): Har du klaga?

R: Frå meg sjølv!

O (*privat*): Nei, eg veit då faen, eg er heilt ny, eg, så eg veit ikkje, men eg kan sjekke det.

C: Okei. Eg har ikkje sett deg før.

O (*teatralisk*): Nei, nei! Hei. (*Held handa si charmant fram mot C, seier eit namn, «Herr Clorofaux?»*)

C (*vil ta handa. Tar seg i det. Til R*): Eg greier ikkje å la vere.

R: Å herregud.
Ja, innlei eit forhold med han òg!

O: Ja, kvifor ikkje?

R: Inngå eit forhold med han.

C (*til R*): Hei du, ikkje få meg til å kjenne meg som ein idiot berre fordi eg er open mot verda, då! Eg er berre, eg er berre ... eg er berre tilgjengeleg, eg.

(*K gir kjeppen til O og går ut for å hente brød.*)

R (til C): Kvifor blei ikkje eg invitert?

O (poserer): Eg har byrja, eg.

(O og M førebur spelet med plantestokkar og bjøller.)

C: Fordi du skulle passe på barna.

R (læst som ho ikkje bryr seg): Dei er døde!

C: Kva meiner du med det?

R: Dei er døde, takk skal du ha. (Går mot høgre.)

(K gir C eit langt brød. C tar imot brødet fråverande, heilt inne i krangelen med R.)

C: Å gud, er det her ein del av stykket?

R: Bra du minte meg på det.

C: Kva då, meiner du det? (Snur seg og slår K uforvarande med brødet.)

(Dei går over scena. K sjanglar og hentar bjøller.)

R (til skodespelartruppen): Eg har ikkje fått noko manus!

C: Kor er barna?

R: Dei er døde.

O (inspirert, dramatisk): Du er død, du!

(Verken R eller C lar seg merke med det.)

C: Er dei døde?

(R går lenger til høyre. C følger etter med det lange brødet, han slår uforvarande K to ganger til med loffen då K freistar reinske auraen hans, han er for oppteken av krangelen med R til å merke det. Andre gongen blir K liggande ut-slegen. O køyrer på med lystspelet.)

O *(deklamerande til K på golvet)*: Men velkommen til dødsriket!

R *(til C, som truar henne med loffen)*: Nei! Ikkje slå meg med brødet. Ikkje driv og slå meg med det brødet.

C *(slår)*: Du fortener det.

R: Nei! Kva sa du no?!

C: Du fortener det. *(Slår igjen.)*

R: Kva sa du no?!

C: Har du drepe barna våre?

R: Ja, men kvifor drog du, då?

Eg hadde ikkje gjort det viss du hadde invitert meg!

(R og C blir ståande i standoff. Os dramatiske lystspel aukar i styrke.)

O: Oi oi oi.

Det er bølger. Oi oi oi. Fy flate, her er det eit gigantisk monster!

Tentaklane er overalt her! Å, der ser vi nokre sirener! Det står nokre sirener og freistar oss der borte. Slutt å freiste! Vik frå oss, sirener! Vik frå oss! Ai ai ai, dei freistar oss!

Skodespelarfestkrangel

(R ryggar bort frå C, reddar seg opp på brønnen.)

C *(set auga i R)*: Du kjem aldri til å finne nokon som er så bra som meg.

Og det kjem du til å hugse før du døyr.

(C set seg ved veggen til høgre.)

R *(giftig til C)*: Nei, veit du kva. Eg skal få manus, eg, til dette teaterstykket her.

O: Vik frå oss kvinne, sirene!

R: Og så skal eg spele det så bra at den teaterkritikaren elsker meg.

Og hatar deg, for alltid.

(R togar forbi C og ut. K reiser seg frå grava. Dei speler skodespel. O speler fløyte.

R inn frå høgre front med langt grønt hår og bjørnefarga brytedrakt.)

O (*les frå manus, til R*): Kven har vi her? God kveld, fru Tsjukuku.

(*R blir med i spelet. K, O, M, alle i grønt hår og bjørnetrikot, stiller seg opp.*)

O (*tilgjort teatralisk*): Han er på veg til dødsriket. Eh ... og lar seg freiste av sirenene.
No trur dei kanskje dei har ...

(*K tar eit steg fram.*)

K (*ropar*): Å, ta meg hardt!

R: Nei, men for faen. Er det mogleg?

O (*med ny giv frå Ks utbrot*): Oh! Spel som det gjeld livet!

(*C ut. Bak K lagar O og M skiftande tablå med R i midten. Dei følger kvarandres rørsler med plantestokkar og bjøller.*)

K: Eg sat på kaia og vogga dykk i armane mine, med håret vått klistra til panna, lukka auga saman, samanklistra, det rann vatn frå håret og kinna var bleike, blågrå, munnen litt open, laus. Det såg ut som om de sov, men de sov ikkje, de kunne ikkje lenger sove.

(*R byrjar drikke då ho innser kva stykket handlar om. Blomevatn. Tar ut blomar frå vasane. Kastar dei på golvet.*)

Eg ville sitte der og fryse tida og brenne henne ut, slik at vi alle forsvann som vampyrar i støvformasjonar når sola ville komme og brenne oss, treffe oss, kaste oss ut av

dette uuthaldelege. Eg vil halde dykk, knue dykk, seie at eg elska dykk, at eg aldri har elska noko så høgt.

Og når du gir barnet frå deg, veit du at du aldri vil sjå det vesle fjeset igjen. Du vil gløyme, men ikkje smerta.

Når dei kjem for å ta det frå deg, veit du at du aldri vil sjå det vesle fjeset igjen, og du vil gløyme det perfekte, men ikkje smerta. Og dei var perfekte.

(Går litt fram mot publikum, med entourage. M og O legg ned stokkane. R raknar i bakgrunnen, meir og meir påverka av blomevatnet og historia. O og M speglar kvarandre og går etter kvart ned på kne.)

Eg mista dei i sjøen som nøklar, som smykke, som edelsteinar og bunkar av setlar ein ikkje kan la vere å fantasere om å slenge ut frå bruene idet ein går over dei og knyter hendene hardt rundt det umistelege, det verdifulle ein lengtar etter å slynge ned i det blågrøne vatnet, gløymslas elv, berre for å sjå kva som skjer.

Og dei klatra på alt, ustanseleg. Eg hadde ikkje armar nok, eg var sliten, og i eit augeblikk då eg ikkje var oppmerksom, snubla dei utfor og forsvann i den gjørmete kanalen. Eg fann dei ikkje igjen, det hadde gått over ein halv time, eg fekk ikkje liv i dei, eg fekk ikkje liv i dei, og det var min feil, for eg var så sliten. *(Fell på kne.)*

(R har drukke frå ein vase bak dei på dette tidspunktet, og då gruppa går ned, visest ho bak dei.)

Og du var ikkje der. Du burde ha passa på meg, du burde ha passa på dei, du burde vore der, men du var ikkje, og no låg dei i kanalen saman med tusenvis av andre barn mødrene var for slitne til å fange opp før dei styrta i døden og djupet, og den søvnen som berre er løgn. Du var ikkje der. Du var hos den nye prinsessa di.

(R skrik bak K, rasar forsiktig i bakgrunnen og veltar var-samt ned krukker.)

Og no skuldar du på meg, Jason, fordi eg hadde ein ekkel innverknad på deg.

Eg kan ikkje berre ha sex heile tida, sa du, eg må bli noko, det er faktisk du som har inspirert meg, og uansett har eg ikkje lenger romantiske kjensler for deg, sa du, og eg lurte på kva det betydde, når eg ikkje fungerer utan deg.

(R skrik til.)

Eg var heilt avhengig av deg, rusen du gav meg. Eg hadde aldri vore så høg, som ti hus oppå kvarandre. Du måtte finne deg sjølv i dei tafatte armene til ein mindre tru-gande kvinneskikkelse, nokon du kunne vere stor overfor, og sjenerøs.

Det einaste eg gjorde feil var å vere open, vere meg sjølv.

Starten på kvinneforakt og morsforakt er kjensla av å bli betrakta og komme til kort.

Å bli sett, og ikkje vere nok.

Ikkje vere levedyktig.

Skamma gjer at auga som ser må bli drepne.

(Reiser seg.)

Den fælslege mora, som sørgmodig tar av dage det ho har skapt.

Det finst folk som når dei tar livet av seg, tar med seg barna sine. Den typen raseri som ikkje har nokon veg å gå.

Eg er ikkje ein haug med frukt og bær, men likevel ... naturen.

Vatn meg, eg visnar.

(M og O har visna. K døyr. Dei står opp igjen etter eit kort intervall, tar applaus. M og K går verdige ut.)

Gjekk eg for langt

(O og R åleine. O hjelper R, som er tydeleg påverka av alt blomevatnet ho har drukke for å døyve smerta, O set R på ein krakk framfor dei siste, urørte vasane som ikkje har blitt velta eller drukke ut. O hentar ein krakk til seg sjølv og set den ved sida av. Går til lunden og fangar ein salamander frå trea. Dei røyker salamanderen. Ei stille stund.)

R: Gjekk eg for langt?

O *(trekker på skuldrene)*: Næh.

(Den store bjørnen svinsar inn. Bjørnen går over scena og ut og kjem inn igjen med ein kopp. Bjørnen rekker R koppen. R drikk.)

R: Ein kopp med varme tårer og sprit.

(K ser på henne. K peikar først talande på krukka, som lyser opp, så på ei dør, så på golvet, så på skogen, så på Saturn, så på koppen i handa til R, og til sist på kometen. Alt ho peikar på, lyser opp. M kjem inn med landsbybuarhår og kjole og kråka. Stoppar ved blomebalkongen, M blir ståande med kråka i armane.)

M: Kometen kjem.

R: Kometen kjem, vi er dødsens alle saman.

Kometen kjem, vi er dødsens alle saman.

Farvel til oss.

Farvel til verda.

Apokalypsen er her no!

Kometen kjem og tar oss med. Kometen kjem no.

Hjelp. Hjelp. Hjelp. Hjelp.

(Til publikum.) Kva skal vi gjere?!

O *(roleg, avklart)*: Kometen kjem. Det er ikkje noko å gjere med det.

Det kan ta ein dag. Det kan ta ei veke.

Kan like gjerne gjere noko produktivt imens.

(Jukkar på salamanderen. C og K har i mellomtida komme inn, i fargerikt landsbybuarhår og kjolar.)

C *(fråstøytt)*: Han er åndssvak. Det veit vi alle.

M: Kvifor er han så åndssvak?

C *(fortvilt)*: Kvifor er han så åndssvak?

K: Han er åndssvak fordi ...

C (*ropar*): ... Kvifoor?

(K blir overdøyd av C, men held fram med å forklare.)

K: ... det er derfor han er så åndssvak.

C (*ropar*): Kvifoor?

(C set seg på venstre stubbe bak dei urørte vasane.)

C (*ropar*): Kvifoor?

(K set seg ved sida av C.)

C (*ropar*): Kvifooooooooor? Eg elska Hitler!

(Tar svart sminke frå boksen og målar Hitler-bart.)

Eg elska Hitler, så forbanna høgt!

(Kvin.) Hitleeeeeer!

(O tar også svart sminke og lagar seg Hitler-bart.)

M (*til C*): Er du Hamsun?

C (*kvin*): Neeeeeei!

O (*sluttar å jukke, nøkternt til M*): Det er Magda.

M (*til O*): Å, du er Hamsun?

O: Eg er, eh, eg er Hamsun, ja.

C (*hyler*): Æææææææ!

M (*til R*): Du er Magda Goebbels?

C (*ropar i vilske*): Kvifor er eg Magda!?

(*K sit på huk ved venstre stubbe.*)

M (*til K*): Kven er du?

K (*ler avverjande*): He he, nei!

M: Er du Harald?

K: Nei, eg er ikkje Hitler. Eg er ...

M: Du er Harald.

K (*i kor med M*): Harald. (*Åleine.*) Eg er Harald. Riktig.

M: Ja, riktig.

C (*ropar til K, brått fokusert*): Kvifor, Harald, eg skreiv til deg!?

(*K tar svart sminke, lagar seg bart. Kjøper tid.*)

C (*ropar*): Harald, eg skreiv til deg!

K (*lystig*): Vel, du skreiv ikkje. Du meir skreik i ei brevdue.

C (*ropar eller græt*): Eg skreiv det brevet!

O (*melder seg på*): Eg, eg, eg skreiv ein del.

(C skrik heile brevet i ei due, representert av kråka M kom inn med for å varsle undergangen. K gir M svart sminke imens, M lagar seg bart. M står og ser ut mot publikum og høyrer på. R tar over sminka og lagar snurrebart.)

C: Min kjæraste son, vi har no vore i førarbunkeren i fleire dagar allereie. Du kjem til å vere den einaste som er att til å føre familietradisjonane vidare. Opptre alltid på ein måte som ikkje bringar skam over oss. Du kan vere stolt av å ha ei mor som ho du har no. I går kveld gav føraren henne den gylne partinåla som han har gått rundt med på jakkeslaget i årevis. Og ho meiner ho fortener den.

Min kjære son! Vi har vore her i seks dagar allereie – far din, dei seks småsøskena dine og eg, for å kunne gi dei nasjonalsosialistiske liva våre den einaste moglege ærefulle avslutninga.

Du skal vite at eg blei verande her mot far sin vilje, og at seinast sist søndag ville føraren hjelpe meg å komme meg ut. Men du kjenner mor di, vi har det same blodet, for meg var det ingen tvil.

Vår strålande idé er øydelagd, og med den alt som er vakert og beundringsverdige som eg har kjent i livet mitt. Verda som kjem etter føraren og nasjonalsosialismen er ikkje lenger verd å leve for, og derfor tok eg barna med meg, for dei er for gode for livet som kjem til å komme etter.

Barna er vedunderlege, dei klagar aldri med eitt ord, dei græt ikkje heller. Eksplosjonane ristar bunkeren. Dei eldre barna skjermar dei yngre, deira nærvær er velsigna og dei får føraren til å smile ein gong imellom.

Gud hjelpe meg at eg har styrken til å gjennomføre den siste, hardaste oppgåva.

Harald, min kjære son, ver lojal. Mot deg sjølv. Mot det tyske folk. Og fedrelandet ditt. Ver stolt av oss og prøv å hugse oss med varme.

Vi må alle døy. Er det ikkje vakrare å leve mindre, med ære og verdigheit, enn å måtte leve eit lengre liv under skammelege forhold?

Eg omfamnar deg med min søtaste, djupaste og mest moderlege kjærleik.

(Kastar kråka ut nærmaste dør. Knaselyd og flaksing.)

Berre for at vi så gjerne vil tru på reinkarnasjon, betyr ikkje det at det ikkje er sant.

(Ropar.) Kvifooooor?

C og O *(i kor)*: Kvifooooor?

(Dei græt og ber seg på likt.)

K *(ille til mote)*: Ja, dette veit eg ikkje korleis eg skal ...

C og O *(i kor)*: Det er det tredje rikets måte å gråte på!

(C og O held fram med å gråte snålt saman: «Ururururur!»)

C (*tar seg saman*): Harald, kan du hjelpe meg å drepe sekslingane?

(*Bestemt ut ei av dørene til venstre. K og O sit åleine igjen, dei vil begge helst sleppe å delta, men dei vil heller ikkje vere uhøflege.*)

O (*vil helst ikkje blandast inn*): Harald? Eh ...

K (*vil heller ikkje*): Eh ...

C: Harald, sjå, då! Ho eine vaknaaaaa! Ho eine vakna!

(*Virrar litt ut og inn av syne, dukkar opp igjen.*)

(*På veg ut av sitt gode skinn, til O.*) Hamsun, hjelp meg, då! (*Ut igjen.*)

O (*skriv trilogi*): Ja, eg kan skrive om deg, viss du vil det.

(*O byrjar å skrive med eit strå frå den eine vasen. Gjentar replikkar og skriv for seg sjølv herifrå. K reiser seg og går bak scena til dei andre.*)

C (*til K, frå bak scena*): Ja, men eg ... medisinen ...

(*Til R, som også har gått inn til barna*): Å, fint at du kom! Lege. Dokter. Kor er resten av medisinen? Sjå, ho har ikkje døydd enno!

R: Du må drepe henne litt meir.

C: Men eg har ikkje meir medisin!
(*Til barna.*) To sek. To sek. Hald ut.

M (*som Helga, Magdas eldste dotter*): Au, du knekte kjeven min! Aaahaahahaha!

(*Døyr brått.*)

C (*fortvila*): Du må ligge stille, då!

Ho låg ikkje stille! Ho fekk jo kloremærke over heile ansiktet.

Ho låg ikkje stille.

Då er det ikkje mi skuld! Eg ville jo berre det beste ...

Harald! Eg sender deg brev.

K: Kva?

C: Om kva som akkurat skjedde.

(*K, C og R kjem inn igjen. K les kråka ved å lytte inderleg til den. C og R set seg ved O, som framleis skriv, på stubbane.*)

C: Ååå, kvifor?

O (*til seg sjølv, skriv*): «Kvifor?»

C: Kvifoooooor?

Dokter! Ser du dette?

R: Eg ser ein heil del sosiopatar.

O (*ser opp*): Eh, eg er berre forfattar, eh ...

R: Eg ser ein heil del sosiopatar her inne.

C: Eg er då ikkje sosiopat, eg er jo mor!
Eg er då ingen ...
Dokter, eg er ingen sosiopat.
Eg er ei mor. Eg kan ikkje vere sosiopat. Eg er mor.

O: Mor, ja, okei. (*Skriv.*) «Eg er ei mor.»

C: Dokter.
Avdiagnostiser meg straks!

O: Kven skal avdiagnos...?

C: Dokter.

R: Du er i eit rom fullt av sosiopatar.

C: Eg er ingen sosiopat.

O (*noterer*): «Eg er ingen sosiopat.» Eg kan skrive det.

C: Ja, skriv under på det for meg (*uttalt «mej»*) også.

O: Ja.

C: Herregud, dokter, du er jo heilt inkompetent!

R: Ja?

C: Du er fullstendig inkompetent! Eg har då aldri vore ...
Veit du kva som trengst for å utvikle ein psykopat? Nei,
sosiopat? Det er ein heim utan kjærleik og at ein ikkje

blir høyrd, så blir ein anten narsissist eller sosiopat, ikkje sant? Og eg er då verken eller!

Psykopat, ja vel, det er ein fødd med, det har eg aldri blitt diagnostisert som, og her har du gått og vore dokteren min i alle desse åra. Du har sett meg, du har sett meg saman med Adolf, du har sett korleis vi klenger og klyn-
gar oss i hop i ein klump av kjærleik.

Du har sett ...

O (*er ferdig med å skrive*): Kan du gi dette til Adolf?

C (*tar imot, kort til O*): Ja, unnskyld meg.

(*Held fram til R.*)

Du har sett desse tinga.

Du har sett korleis eg kjæler med Adolf ...

O (*stillferdig*): Då går eg og skyt meg, trur eg. Ehm ...

(*Reiser seg, går mot byggverket.*)

C: i ... både hytt og pine, og korleis kan du då seie at eg er sosiopat?

O (*til seg sjølv*): Eller skal eg henge meg?

C (*held fram*): Eg er då så kjælen!

Korleis kan du seie, på kva grunnlag tar du og gir meg den diagnosen?

R: Eg har blitt stum.

C: Nei, du sa nettopp det. Du lurar ikkje meg.

R: Du har overtydd meg om at eg ...

C (*insisterande*): Har feildiagnostisert ...

R: Har feildiagnostisert deg.
Men eg kan ikkje vegen ut av denne situasjonen.

C: Nei.

(Alle dørene blir lukka bakfrå, gradvis i ei bølgjande rørsle over scena, utan at C og R merkar det.)

R: Dette er eit rom fullt av einsame menneske.

C: Ja, det kan, det kan eg absolutt vere einig i. Eg har tatt livet av barna mine. Og eg har tatt livet av, av ein heil del menneske også, og eg vurderer til og med å ta livet av meg sjølv, og sjølvsagt kjenner ein seg jo einsam i det.

R: Ja, ja. Stimmt.

C: Stimmt, ja.

R: Ja, absolutt.

C: Og, og, men når det då i tillegg kjem ein inkompetent lege og seier til meg «du er sosiopat»! Nei takk!

R: Inkompetent og inkompetent, det er jo ikkje det du meiner ... Det er vel heller misvisande.

C (*indignert*): Ja. Og i veldig høg grad.

R: Ja.

C: Og kor har du tatt utdanninga di?

R: Ja, jo.

C: Som dokter?

R: Eh, vel, eg er eit naturtalent.

C: Aha.

R: Ja.

C: Ja vel, din sjarlatan.

R: Eg eh ...

C: Hyklersk er det.

R: Vel, sjarlatan og sjarlatan. Eg vil no heller seie kvakk-salvar.

C: Ja. Der er det ordet eg leitar etter.

R: Ja.

C: Og det ser eg du tar på deg med stoltheit?

R: Å ja!

C: Kva var det i dei pillene til barna?

R: Det var, eh, kamomille ...

C: Nei! Er det mogleg?

R: Lavendel ...

C: Nei.

R: Ormegras og B-vitamin.

C: Nei! Det er jo heilt, eh, det er jo heilt grotesk.

R: Viss ikkje du hadde drepe dei etterpå, hadde dei blitt veldig sunne.

C: App-app-app.

R: Aha-ha-ha.

C: Det var vel gift i dei?

Det var ikkje, det var vel ikkje berre eg som heldt hendene over halsen deira i svært lang tid?

R: Vel. Eg trur jo at mangelen på luft heilt klart spelte ei rolle i ...

C: Men, men du nemnde slangegift, då?

R: Ja.

C: Ja, det gjorde du. Den spelte vel ei rolle i det?

R: Men, eh, men dei slangane hadde blitt veldig gamle, og då er dei ikkje så potente lenger.

C (*kranglevoren*): Vel, eh, den som har lukta bæsjen til eit gammalt menneske, veit jo at den er mykje sterkare.

R: Akkurat! Ja.

(*R byrjar diskre å famle etter ei open dør.*)

C: Det er jo mykje sterkare lukt. Eg vil tru at ...

R: Ja, men slik er det ikkje med slangane. Dei fislar ut.

C: Kva er det du prøver å seie meg?
Eh, kva er det du prøver å seie meg, eigentleg?

R: Vel.

C: Ver ærleg med meg.

R: Vel. Magda.

C: Ja.

(*R oppdagar etter kvart at alle dørene er låste.*)

R (*pressa*): Eh, du, eh, har ... er årsaka til at barna dine er døde. Ja.

C (*går av hengslene*): Åh, eg må nesten le. Eg elsker dei!
Ja, eg vedgår at eg ønskte dei døde, men berre for å redde dei!

Kva er det du står her med dømmefjes og med dømmebuxsene på for?

R (*uroleg*): Dette er dømmefjeset mitt. Det har grodd fast.

C: Ja, og kor er ... du har på deg dømmebuxsene!

R (*med stigande nervøsit*t): Nei, dette er spanderbuxsene.

C: Aaah.

R (*bankar på dørene, desperat*): Så kan vi ta ein drink etterpå!

C (*tar agnet*): Ja, riktig.

R (*knipsar frenetisk*): Kelner? Kelner!?

(Samtidig sprekk scenografien opp til lyden av syngande isflak, og det ryk overalt, og K, O og M kjem inn som flaggermus gjennom sprekka i scenografien med to vasar og ein gong. M tar ut blomen frå vasen og gir den til C, men beheld vasen. K gir R den andre vasen. Flaggermusene bygger monument av gongstativ og blomestavar.)

R (*lydlegg verdsvant med gongstativet*): Som eg brukte å seie då eg var asket i ørkenen: Det er noko med at verda går under, og at det er vår skuld, som gjer at eg ikkje er sikker på om eg vil vere menneske.

Ei eg kjende, drukna kattungar ho ikkje hadde råd til å sterilisere. Ho budde på landet og fekk stadig desse kattungane som ho drukna i ein sekk. Ein dag overlevde ein av dei. Ho manna seg opp for å drepe han igjen og slo han i hovudet med ein hammar. Han såg opp på henne og mjaua. Slutt, mamma! Ho heldt ikkje ut å drepe han meir og han sjangla resten av livet rundt på tunet glad og lettare hjerneskkadd.

Ei mor drep for å skåne. Hadde ho berre vakna ein gong til, Magda, hadde historia blitt annleis.

Då eg var i ørkenen, så skjøna eg at ... enden er ikkje stygg. Ikkje i det heile tatt. Berre nådelaus og kald som eit vakkert lik ... du skulle soge berre ein gong til på knea. Og at stillheit ...

(Krasj. Flaggermusene lagar tilfeldige lydar på gongen. R overser dei.)

... det har ingenting med fråvær av lyd å gjere. Det er ... stille som ein tilstand, skjønar du, det kjem frå ørkenen. Ja. Det der. Openrommet mellom sola har gått ned og månen kjem opp. Det er heilt mørkt, det er ingenting. Sånne ting, skjønar du. Flatt, langstrekt, du går, du veit ikkje eingong kva du går mot og kva du går frå. Du berre blir som ei hildring, plutseleg dukkar det opp ein kamel, du har ikkje sett han på avstand, sant, for du kan ikkje sjå ting på avstand, det er for varmt.

K: Er det her sånn filosofi ...?

R: Det er filosofi.

K: Ja.

R: Men no avbraut du meg, så no er det over.